

Saksbehandlar: Knut Henning Grepstad, Fylkesordføraren
Sak nr.: 14/2700-1

Organisering av politi-, brann- og alarmtenestene i Sogn og Fjordane

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er særns nøgd med at Justis- og Beredskapsdepartementet har oppheva Direktoratet for samfunnssikkerhet sitt vedtak om å slå saman 110-sentralane i Telemark og Agder politidistrikt.

Vi har med glede merka oss at departementet i denne samanheng er oppteken av å få til ei ytterlegare styrking av naudmeldetenesta og at departementet også vil sjå samla på Politianalysen, Brannstudien og omorganiseringa av 110-sentralane. Dette er godt i samsvar med Sogn og Fjordane fylkeskommune sine vurderingar.

Fylkesutvalet krev at det vert vedteke rasjonelle og effektive organisasjonsformer som gjev trygge tilbod i alle delar av landet.

God lokalkunnskap og lokalisering som opphevar utfordringane med store avstandar er avgjerande føresetnader for å kunne gje fullverdige tilbod. For å kome fram til organisasjonsformer med tilfredsstillande kvalitet er det nødvendig å sjå alle teneste i samanheng.

I Sogn og Fjordane har vi over lang tid arbeidd målretta for ei effektiv organisering av Alarmsentralen. Sentralen er organisert som eit IKS med alle dei deltakane kommunane som likeverdige eigarar. Sentralen er lokalisert saman med 112-sentralen og klargjort for det nye naudnettet.

Alarmsentralen fungerer godt for vår del av landet. Topografien i Sogn og Fjordane er krevjande med kyst, fjordar, fjell og satellitt-skuggar. Dette skapar utfordringar i utbygging av nytt digitalt naudnett og for alle typar beredskapspersonell.

Tilgjengeleg lokalkunnskap er difor avgjerande viktig. Lokalkunnskapen til dei tilsette på sentralen har vært avgjerande i mange tilfelle. Denne kunnskapen er noko dei har lært over mange år. God lokalkunnskap har i fleire tilfelle vært svært avgjerande for at både liv og andre verdiar er berga.

Både Alarmsentralen og Operasjonssentralen til Politiet er i dag ein vesentleg del av den kommunale kriseplanen for kommunane. Det er ikkje sannsynleggjort at ein større sentral, som skal ivareta mange kommunar, kan involverast i kommunalt planverk slik dette er gjort i Sogn og Fjordane.

Brannsjefen i Flora representerer alle kommunane i lokal redningsentral (LRS) og i Fylkesmannen si beredskapsavdeling. Ved krevjande natur-utfordringar, som orkanen "Dagmar" var det svært nyttig at brannsjefen kunne ta kontakt med alarmsentralen, ved oppmøte på sentralen, for å få vurdert situasjonen i heile fylket. Ut frå den oversikta som vart gjeven her vart informasjonen formidla vidare til fylkesberedskapsrådet der det blei laga plan for det vidare arbeidet.

Tett samarbeid, tillit og korte kommandolinjer har ved fleire høve vist seg å vere av avgjerande betydning. Både organiseringa og dei gode resultatane vi har oppnådd i fylket dokumenterer at det er heilt nødvendig å sjå dei ulike tenestene i samanheng.

Vi ber om at synspunkta ovanfor vert lagt til grunn for det vidare arbeidet i departementet.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING
